



planID 4631_2020006

arkivID 20/17061

Ordfører



ALVER
KOMMUNE

Reguleringsplan (detalj)

Detaljregulering «Grøn omstilling av Mongstad»

Reguleringsføresegner

(jf. plan- og bygningslova § 12-7)

Datert 27.04.2022

Utval	Sak	Dato	Vedtaksstype	ArkivID



§ 1 Generelt

1. Regulert område er synt på 3 plankart i 2 ulike vertikalnivå (VN1 – under grunnen, VN2 – på grunnen). Plankarta er i målestokk 1:2000, datert 26.02.2021.

Planområdet inneheld følgjande føremål:

- Busetnad og anlegg (pbl § 12-5 nr. 1) a)
- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 nr.2) a)
- Bruk og vern av sjø og vassdrag (pbl § 12-5 nr.6) a)
- Omsynssoner (pbl § 12-6) a)

2. Detaljregulering for (Grøn omstilling av Mongstad) erstattar følgjande eldre reguleringsplanar innanfor planavgrønsinga:

Planid	Plannamn	Vedtaksdato
1263-201102	Storhamn Mongstad	14.03.2012

§ 2 Siktemålet med planen

1. Hovudføremålet med detaljreguleringsplanen er å etablere landbasert oppdrettsanlegg med tilhøyrande kai, biogassanlegg, osmoseanlegg og tilhøyrande tilkomstveg til desse områda, samt etablering av energitunneler under bakken som koplar raffineri, hydrogen-anlegg, høgdebasseng og oppdrettsanlegget.
2. Reguleringsføresegna gjeld for område vist med reguleringsgrense vist på 3 plankart (eitt i vertikalnivå 1 som gjeld energitunneler under bakken, eitt som gjeld landbasert oppdrettsanlegg og eitt som gjeld omsynssone for bandlegging etter energilova).

§ 3 Felleføresegner for heile planområdet

§ 3.1 Generelt

- a) Bygningar og anlegg skal førast opp i samsvar med føremålet som går fram av plankart og føresegner. Utbygging kan delast opp i byggetrinn innanfor det einskilde byggeområdet.
- b) Høgda på trappehus, heishus, rekkverk og nødvendige tekniske installasjonar kan overstige maksimal byggehøgde med 2,5 meter, men ikkje på meir enn 15 % av takflata.
- c) Anlegg for avfallshandtering skal sikrast mot avrenning, leggjast til rette som overbygd løysing eller som integrert del av bygningsstrukturen.
- d) Det kan etablerast tunnel for vassinntak og retur innanfor heile planområdet.

§ 3.2 Landskap, estetikk og arkitektur (§ 12-7 nr. 1 og 4)

- a) Det skal ved utføring av tiltak innafor planområdet, leggjast vekt på å ta vare på åsprofilar og landskapsilhuettar.
- b) Planlagde tiltak skal utførast slik at dei vert best mogleg tilpassa eksisterande terreng og omgjevnader. Tiltaka skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med funksjon og naturgjevne og bygde omgjevnader.
- c) Inngrep i terreng skal minimaliserast.



- d) Terrengskjeringar over 2 meter skal på topp skjering sikrast med gjerde eller på annan tilfredsstillande måte sikrast for å ivareta sikkerheita til menneske og dyr som ferdast i området.
- e) Endepunkt for energitunneler skal sikrast i anleggsperioden.

§ 3.3 Universell utforming (§ 12-7 nr. 4 og 5)

- a) Gang-/sykkelvegar skal i hovudsak vere universelt utforma. Omsyn til terreng og landskap skal alltid vurderast i høve til universell utforming. Der universell utforming ikkje lar seg løyse med omsyn til terreng og landskap, skal trinnfri løysing vurderast.
- b) Trafikkområde skal vera utforma slik at alle kan nytta dei på ein likestilt måte så langt råd er.

§ 3.4 Byggegrenser (§ 12-7 nr. 2)

- a) Nye bygg skal plasserast innanfor byggegrensa som vist i plankartet
- b) Der byggegrensa ikkje viser i plankart, er den samanfallande med formålsgrensa.
- c) Anlegg under grunnen, murar, gjerder, fyllingsfot, skjeringar, nettstasjonar, VA-anlegg og andre tekniske installasjonar kan oppførast utanfor byggegrensa, men innanfor formålsgrensa.

§ 3.5 Nettstasjonar (§ 12-7 nr. 1 og 2)

- a) Nettstasjonar og elektriske kablar kan etablerast innanfor planområdet uavhengig av formål.
- b) Nettstasjonar skal ikkje vere til hinder for friskt til veg.
- c) Nettstasjonar må plasserast minst 5 meter frå bygningar med brennbare overflater.
- d) Motorisert køyretøy opp til klasse C, må kunne stå attmed nettstasjon og drive vedlikehald utan at det er til hinder for allmenn ferdsel.
- e) Nettstasjonar kan plasserast inntil 1 meter frå eigedomsgrensa.
- f) Nettstasjonar kan etablerast i eigne rom i bygg.

§ 3.6 Kulturminne (§ 12-7 nr. 2)

- a) Det kan vera uregistrerte fornminne i planområdet. Dersom det i samband med tiltak kjem fram funn eller konstruksjonar, må arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking på staden, jf. kulturminnelova § 8, 2.ledd. Ved påvising av kulturminne i sjø skal Bergen Sjøfartsmuseum varslast.

§ 3.7 Godkjenning etter hamnelova

- a) Tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø, samt andre tiltak som kan påverke trygginga eller framkomsten i sjøområdet skal godkjennast av hamnemyndigheit (Bergen og omland havnevesen) etter Hamnelova § 14, første ledd.

§ 3.8 Utfylling i sjø

- a) Før det vert sett i gang tiltak som utfylling i sjø til nytt kaiareal, må det avklarast med BKK Nett AS at planlagt utfylling ikkje kjem i konflikt med framtidig eller etablert sjøkabel. Dersom det vert avdekket konflikt, må ein finna fram til ei



løysing som er tilfredsstillande for begge partar før ein går vidare med utfylling i sjø.

- b) Ved utfylling i sjø skal siltgardin/siltskjørt eller andre avbøtande tiltak utplasserast for å minske spreining av finpartiklar og forureining under utfylling.
- c) Fyllingsfot under sjøoverflate tillatast utover formålsgrrensa.

§ 3.9 Forureining, støy og lukt (Pbl § 12-7 nr. 3)

- a) Produksjon knytt til akvakultur skal minst vera i samsvar med konsesjonsvilkår. Dette omfattar mellom anna utslepp til vatn, utslepp til luft, avfall og lagring av medisin og kjemikalie.
- b) Utslepp av nærings salt, kjemiske bindingar og partiklar frå landbasert akvakulturanlegg skal følgjast opp i eige overvåkingsprogram slik at miljøkrav sette for verksemda vert dokumentert.
- c) For verksemda knytt til akvakultur skal støy ikkje overskride grenseverdiane slik dei til ein kvar tid er satt i tabell 1 og 3 for industri med heilkontinuerleg drift i dei statlege retningslinjer for støy, T1442, eller slik dei vil vere i dei seinare gjeldande retningslinjer for støy. Aktiviteten ved anlegget skal vere slik at den ikkje fører til ulemper for naboar og lokalmiljø med lys og lukt.
- d) Sprengingsarbeid skal ikkje skje i hekkeperioden for sjøfugl (april- juli).
- e) Avfall som kan skape luktproblem skal samlast opp og handsamast slik utsleppsløyve krev.
- f) Ved utfylling i sjø skal siltgardin/siltskjørt eller andre avbøtande tiltak utplasserast for å minske spreining av finpartiklar og forureining under fylling.

§ 3.10 Parkering

- a) Det skal settast av nok areal til parkering og internt vegnett for større kjøretøy, snuing, av/pålesing etc. i høve til type aktivitet på tomta, og i høve til parkeringskrav i gjeldande kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad.

§ 3.11 Utfyllande planar/dokumentasjon

§ 3.11.1 VA og overvasshandtering (§12-7 nr. 4 og 12)

- a) VA- anlegg kan etablerast i grunnen innanfor planområdet uavhengig av formål.
- b) For alle eksisterande og nye byggjeområde innanfor planområdet skal VA-rammeplan, datert 02.02.2021 leggjast til grunn for vidare detaljprosjektering og byggjesakshandsaming. Under detaljplanlegging av området må det tilretteleggjast for tilstrekkeleg drenering av areal rundt planlagde bygg.
- c) VA- og overvasshandsaming skal løysast i høve til den til ei kvar tid gjeldande VA-norm for Alver kommune.
- d) Tilstrekkeleg kapasitet for sløkkjevattn skal vera ein del av VA-rammeplanen.
- e) Handtering av overvattn:
Lokal overvasshandtering skal leggast til grunn ved detaljutforming og prosjektering av tiltak. Gjennomføring av bygningsmessige tiltak skal ikkje gje endring i avrenningssituasjonen nedstrøms frå byggeområde og vegar. Der oppsamla overvattn vert ført ut i terreng eller ned i grunn skal det gjerast på ein slik måte at det ikkje fører til auka flaumfare eller redusert kvalitet på areala nedstrøms utsleppet. Innanfor bakarealet til hamna (N3 og N4) skal fallet mot sjø vera minimum 1:100.



§ 3.11.2 Plan for massehandtering (§ 12-7 nr. 4 og 12)

- a) Det er tillate å gjennomføre grunnarbeid og midlertidig lagring av massar innanfor føremåla. Dette må planleggast og gjennomførast på ein slik måte at området er sikra for framtidig utvikling og bruk tilpassa regulerte føremål. Følgjande skal leggjast ved søknad om tiltak:
 - Massehandteringsplan som skal syne eksisterande og nytt terreng, berekna massebalanse, kor massane skal plasserast og korleis arbeidet vert utført for å sikre eigenskapane til massane.
 - Godkjenning frå geotekniker av ut- eller oppfyllings-prosedyre for tiltaket
- b) Ved masseutfylling skal det sikrast at avrenning frå utfyllinga ikkje medfører forureining av sjø og vassdrag.
- c) Fyllingar/skråningar mellom utbyggingsområde og langs vegar skal revegeterast med stadleg vegetasjon.
- d) Massar i området skal undersøkast før flytting ut av området og handterast på slik måte at ein minimerer spreieing av framande artar.

Det er sett rekkefølgjekrav til utarbeiding av plan for massehandtering, sjå § 6.2 a)

§ 3.11.3 Utomhusplan (§ 12-7 nr.4 og 12)

- a) Saman med søknad om rammeløyve skal det sendast inn ein samla situasjonsplan i målestokk 1:200/1:500 for kvart felt, saman med eit skriftleg notat som kort gjer greie for korleis krava i føresegnene er tenkt oppfylt.

Planen skal vise:

- plassering av bygg og anlegg
- støttemurar, trapper, rampar og gjerder
- vegtilkomst
- parkering for bil og sykkel
- stigningsfllhøve på kai og vegar
- handtering av avfall
- tilslutning til eksisterande terreng og vegar
- fylling og skjering
- sikringstiltak der det er naudsynt
- materialval

I søknaden skal det også gjerast greie for:

- valde løysingar for vatn, avløp, overvann og energiforsyning og kapasitet
- grunngeving for og dokumentasjon av valde energiløysing
- handsaming av alt overvatn, både takvatn, overflatevatn og dreinsvatn
- massehandtering, deponering av masseoverskot
- dokumentasjon for sikra tilgang på vassforsyning

Ved innsending av søknad om rammeløyve skal det føreliggje ein plan for anleggsperioden der det blir gjort greie for trafikktryggleik, riggplass, handtering av evt forureina grunn, tiltak for å hindra forureining av vatn og vassdrag, og ein tidsplan for gjennomføring.

§ 3.12 Tunnel i grunnen

- a) Det kan etablerast tunnel for vassinntak og retur innanfor heile planområdet. Kommunen kan godkjenne anna plassering av tunell i grunnen enn det som er vist i kartet.



§ 3.13 Belysning

- a) Belysning innanfor område skal utformast slik at det ikkje verker forstyrrende i høve innsegling.

§ 4 Føresegn til arealformål

§ 4.1 Bygningar og anlegg (pbl § 12-5 nr.1)

§ 4.1.1 Næringsbygningar (BN) (§ 12-7 nr. 1, 4, 5 og 7)

- a) Områda BN1-BN5 kan nyttast til næringsbygningar for industri, lager, parkering og kontor (administrasjon).
- b) BN5 kan i tillegg brukast til landbasert fiskeoppdrett med tilhøyrande bygg og anlegg, lager, parkering, veger og infrastruktur.
- c) Innanfor BN5 kan det oppførast nødvendige bygg og anlegg for landbasert akvakultur, frittståande fiskekar, gasstank, bygg for vasshandsaming, osmoseanlegg, biogassanlegg, høgdebasseng, nettstasjon/trafo, leidningsnett, veg- og parkeringsanlegg samt tekniske installasjonar som er nødvendig for drifta. Det er tillate å erstatte anleggskonfigurasjon med ny teknologi og driftsmåtar.
- d) Plassering og utforming av tiltaka i BN5, samt produksjonsmåte, artar og type teknologi skal fastsetjast nærare søknad etter anna lovverk/akvakulturlova m.fl.. Vilkår for drift skal følgje dei til ei kvar tid gjeldande løyver gitt i konsesjon og reguleringar i forskrifter.
- e) Farge- og materialbruk på landanlegget i BN5 skal medverke til å dempe anlegget sitt uttrykk, samstundes som tryggleik for sjøverdsferdsel vert teke i vare. Det skal ikkje nyttast lysreflekterande materiale på landanlegget. Det skal leggast vekt på ryddigheit på anlegget.
- f) Ubygde deler av området BN5 kan mellom anna nyttast til vegetasjon, utelager, lysmaster, skilt, gjerde, støttemurar, parkering og snuplass etc. Det er tillat å gjerde inn næringsområdet (BN5) for å hindre allmenn ferdsle på næringsområdet, fare for smittespreiing, hærverk etc.
- g) Mindre element på tak i BN5, eksempelvis ventilasjonsanlegg kan ha maksimal høgde 30 meter over planeringshøgde.
- h) Produksjonen i oppdrettsanlegget skal foregå i tråd med kvar tids gjeldande utsleppsløyve etter forureiningslova. Dette omfattar mellom anna utslepp til vatn, miljøovervaking, utslepp til luft, avfall og lagring av medisin og kjemikalie.
- i) Det er tillate å mellomlagra massar dersom forhold knytt til drenering er teke i vare og at massane er sikra mot forureining. Jf. dog pkt. 3.11.2 over.
- j) Det er tillate å nytte BN-områda til mellombels oppstilling av anleggsmaskinar, køyretøy, utstyr, arbeidsbrakke o.l.
- k) Næringsområda BN3 og BN4 skal prioriterast for industri med behov for hamnetilknytting.
- l) Maksimal tillate grad av utnytting er gitt som %BYA (bygd areal) som vist i tabellen under. Parkeringsareal på bakken skal reknast med i grad av utnytting.
- m) I områda BN1 og BN2 kan takoppbygg for tekniske installasjonar tillatast. Takoppbygget kan vera på inntil 20% av takflata og med ei høgde på inntil 3



meter over maksimal byggehøgde. Takoppbygget skal vere tilbaketrekt frå gesims og integrerast i byggevolumet på ein arkitektonisk god måte.

- n) For bygningar i BN1 og BN2 som skal førast opp langs eksisterande sambindingsveg skal kvalitet i form og materialval vektleggast. Fasadeliv skal plasserast i byggelina langs sambindingsvegen.
- o) I BN1 og BN2 skal uteområda langs sambindingsvegen (veg 1) opparbeidast på ein tiltalende måte. Parkeringsareal og utelagar skal i hovudsak plasserast bak bygget.
- p) Byggeline mot sambindingsvegen er 15 m frå senterline i kjøreveg.
- q) Planområdet ligg innanfor konsesjonsområdet for fjernvarme og innanfor felta BN1-BN3 skal det leggast til rette for forsyning med vassboren varme. Nye bygg skal leggje til rette for lågt energiforbruk og for energiforsyning frå miljøvennlege energikjelder.

Felt	Utnytting % BYA	Maks. Byggehøgde	Byggegrense
BN1	80% BYA	15 meter over planert terrengs gjennomsnittsnivå rundt bygningen	
BN2	80% BYA	15 meter over planert terrengs gjennomsnittsnivå rundt bygningen	4 m frå formålsgrense
BN3	80% BYA	25 meter over planert terreng, maks kotehøgde (8 + 25 m)	4 m frå formålsgrense
BN4	80% BYA	25 meter over planert terrengs gjennomsnittsnivå rundt bygningen	4 m frå formålsgrense
BN5	80% BYA	25 meter over planert terrengs gjennomsnittsnivå rundt bygningen	

§ 4.1.2 Vass- og avløpsanlegg (BVA)

- a) Området skal nyttast til avløpsreinseanlegg.

§ 4.2 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 nr.2)

§ 4.2.1 Veg (SV) (§ 12-7 nr. 1, 4 og 7)

- a) Veg (tilkomstveg) skal opparbeidast med linjeføring, utforming og dimensjon som vist av plankartet. Naudsynt justering av vegareal skal avklarast med aktuell vegmynde.

§ 4.2.2 Køyreveg (SKV) (§ 12-7 nr. 1, 4 og 7)

- a) Køyrevegane skal opparbeidast med linjeføring, utforming og dimensjon som vist av plankartet.

§ 4.2.3 Gang-/sykkelveg og fortau (SGS, SF) (§ 12-7 nr. 1 og 4)

- a) Gang-/sykkelveg skal opparbeidast med linjeføring, utforming og dimensjon som vist av plankartet.

§ 4.2.4 Annan veggrunn – grøntareal (§ 12-7 nr. 1, 4 og 14)

- a) For annan veggrunn – grøntareal inngår: fyllingar, skjeringar, rekkverk, murar, grøfter og andre tekniske anlegg langs vegsystemet innanfor planområdet. Arealet skal òg nyttast til tilpassing mellom veg og tilgrensande formål.
- b) Det kan innanfor arealet plasserast veglys, nettstasjonar, rekkverk, viltgjerder, støyskjermingstiltak, skilt/skiltportalar og andre installasjonar og infrastruktur som er ein naturleg del av veganlegget, samt førast fram anna infrastruktur i røyr/kabel.
- c) Fyllingar skal dekkjast til med jord og plantast til.



d) Annan veggrunn – grøntareal som grensar til privat køyreveg er privat.

§ 4.2.5 Parkering (§ 12-7 nr. 1, 4 og 7)

a) Parkeringsplass SPP skal tene dei tilgrensande byggeområda.

§ 4.2.6 Hamn (SHA)

a) Området er satt av til hamn med kai, bygningar og anlegg. Innanfor området kan ein føre opp bygg og anlegg knytt til hamneverksemd, industri og verksemd med tilknytning til BN5 med behov for hamnetilknytning, under dette også riggvedlikehald. Kaien skal tilpassast kaiområda utanfor planområdet i nord og i sør.

b) Hamneområdet skal ha snuplass og parkeringsareal for større kjøretøy.

c) Maksimal BYA = 30%. Maks byggehøgde er 15 m.

d) Innanfor hamneområdet på land kan det settast opp faste kraner og installasjonar som er naudsynt for drifting av kai og næringsverksemd og som er høgare enn angitt maksimal byggehøgde.

e) Topp kote kaifront skal ikkje vera lågare enn kote +2,5.

f) Tilrettelegging av inntak og utslepp av sjøvotn, tunnel eller røyrgate i sjø er tillate når det ikkje hindrar ferdsel. (Utslipp skal godkjennast etter gjeldande lov og forskrifter, jf. § 3.7 over).

g) Tilgang på landstraum skal vera tilgjengeleg for maritime fartøy som legg til kai innanfor formålet.

§ 4.2.7 Landingsplass for helikopter (SLH)

a) Området er ein eksisterande landingsplass for helikopter.

b) Helikopterplassen skal til ein kvar tid vera utforma etter krav til utforming av helikopterplass til ikkje allmennbruk for helikopter i ytelsesklasse 1.

c) Helikopterplassen tilfredsstillar krava til eit helikopter med største lengde rotorar (D) på 23 m.

d) Det må ikkje førast opp hinder som gjennomtrengar hinderflata i inn- og utflygingsflatane og sideflatane. I motsett fall skal Luftfartstilsynet underrettast.

§ 4.2.8 Teknisk infrastruktur (STI)

a) I STI tillatast etablert tunnel i vertikalnivå 1 under bakkenivå.

b) Det tillatast etablert røyr og kablar for energitransport i tunnelen, samt køyreveg for tilkomst.

c) Det tillatast etablert vertikalsjakter for tilkopling til anlegga som skal føra energi i tunnelane.

d) Det tillatast etablert ventilar og rømningsveger ut frå tunnel.

e) Planlegging, prosjektering, tiltak og drift skal gjennomførast i samråd med aktørane som skal nytta tunnelen. Eit hovudmål er å hindra negative konsekvenser for aktørane og optimalisering av synergieffekter.

§ 4.3 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl § 12-5 nr.6)

§ 4.3.1 Fellesføresegner for bruk og vern av sjø og vassdrag. (§ 12-7 nr. 1, 2 og 9)

a) VHS skal nyttast til hamneområde og haldast ope etter reglane i Hamne- og farvasslova.

b) Tiltak i sjø som utfylling, leidningar i sjø og kai/hamneområde i sjø m.m. som fell inn under hamne og farvasslova skal godkjennast av hamnemynde.

§ 4.3.2 Hamneområde i sjø (VHS)



- a) Innanfor hamneområde i sjø kan det etablerast anlegg og innretning for fortøyning for skip og tilretteleggjast for inn- og utskiping av båtar og skip/fartøy.
- b) Det kan innanfor hamneområde i sjø gjennomførast mudring og andre tiltak for å sikre skipstransport. Fyllingsfot frå tilgrensande arealformål kan gå inn i formålet under sjøoverflata.
- c) Tiltak som kan påverke sikkerheita eller ferdsla i sjøområdet krev løyve frå Bergen Hamn (BHF IKS) – (§ 14, 1. ledd).
- d) Ved arbeid i sjø må ein ta særleg omsyn til forekomster av japansk sjøpung/havnespy for å unngå at desse blir spreidd til nye områder.
- e) Det er ikkje tillate å leggja sjøledning i hamneområde i sjø i perioden februar – april.

§ 5 Føresegn til omsynssoner (pbl §§ 12-6, 12-7 og § 11-8)

§ 5.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a) (sone H140, H210, H370)

§ 5.1.1 Sikringszone - Frisikt - H140

- a) Frisiktsonene kjem frem av plankartet.
- b) I frisiktsonene skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5 meter over tilstøytane vegars plan. Det er tillate med enkeltelement som ikkje hindrar sikt, til dømes stolpar og tre.

§ 5.2 Bandlegging etter andre lovar (§ 11-8 d) / § 12-6) (sone H740)

§ 5.2.1 Bandlegging etter energilova § 3-1 første ledd – H740

- a) Omsynssone - Bandlegging etter andre lover kjem frem av plankartet.
- b) Det er ikkje tillate med ny bebyggelse innanfor omsynssona. Alt anleggsarbeid og alle tiltak i terrenget innanfor omsynssona skal på førehand avklarast med leiðningseigar.

§ 6 Rekkefølgeføresegn (pbl § 12-7 nr.10)

§ 6.1 Før rammeløyve (§ 12-7 nr.10)

- a) Utgreiingskrava om utomhusplan, jf. pkt. 3.11.3. skal vere oppfylt.
- b) Utgreiingskrava om VA-rammeplan, jf. pkt. 3.11.1. skal vere oppfylt.
- c) Det må vere dokumentert sikra tilgang på vassforsyning (drikkevatt, slokkevatt, prosessvatt, etc.) før kvar enkelt bygning og installasjon kan få godkjent rammeløyve.

§ 6.2 Før løyve til igangsetting av byggarbeid (IG) (pbl § 12-7 nr.10)

- a) Utgreiingskrava om massehandteringsplan, jf. pkt. 3.11.2. skal vere oppfylt.

§ 6.3 Før bruksløyve/ferdigattest (pbl § 12-7 nr.10)

- a) Alle infrastrukturtiltak fram til, gjennom og langs eit utbyggingsområde skal vere gjennomført.
- b) Før bruksløyve for VVA-anlegg kan gjevast skal det liggja føre «som bygd» dokumentasjon for anlegget, og denne skal vera godkjent av kommunen.
- c) Krav til frisikt for areal som nyttast i samband med bruken av eit felt, jf. pkt. 5.1.1, skal vere innfridd før bruksløyve kan gjevast for nye bygg innanfor planen.
- d) Nødvendige sikringsgjerdar (jf. pkt. 3.2 d)) skal vere oppført før bruksløyve for nye bygg innanfor planen.



§ 7 Eigeform (pbl § 12-7 nr.14)

- a) BN, BVA, SV, SGS, SVG, SLH, SHA, PP og VHS er private.

Dokument som gjevast juridisk verknad gjennom føresegna

- a) VA-rammeplan, datert 02.02.21. Dokumentkode 10221829-RIVA-NOT-01